

16.12.2009

Forvaltningskomiteen for flytebryggje



Forvaltningskomiteen drøftar flytebrygge eller ikkje foran eit panorama av det aktuelle området i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Forvaltningskomiteen har hatt ein ny runde om flytebryggja på 2 X 4 meter som Solfrid Eik ønskjer å leggja ut. Denne gongen gjekk komiteen samrøystes inn for å seia ja, medan han med 5 mot 4 røyster gjekk imot sist. Rådmannen var mot både denne og sist gong. Stian Skarveland hadde klaga.

Det heiter i vedtaket no at bryggja ikkje vil privatisera området ytterlegare.

Øyvind Utne (H) gjekk inn for søknaden fordi bryggja ikkje vil bli til hinder for ålmenta. og Endre Blokhus (Frp) var einig. Han peika på at naboane ikkje har kome med nokon merknad og understreka at bryggja vil bli svært lita og noko av det mest skånsomme som kan lagast. Det er eit svært uskuldig prosjekt, meinte han. Også festa til bryggja kan lett fjernast.

Thorleif Hellesøy (Frp) var også for bryggja og peika på at det nesten ikkje er nødvendig med noko bygningsinngrep.

Utne kom inn på den mykje omtala strandsoneproblematikken og meinte at det her skjer overtramp mot lokaldemokratiet og distrikta.

Steinar Kleven (Innbyggjarpartiet) peika på at det bør stillast strenge og spesielle krav til ei flytebryggje, faktisk strengare enn ei fastbryggje.

- Ho fører mykje med seg for naboar, og det er nødvendig med svært spesifiserte krav om utforming og feste, uttalte han.

Han meinte også at politikarane ikkje bør bruka for mykje tid på å snakka om frustrasjonen dei kjenner i samband med strandsoneproblematikken.

Utne meinte at det var på sin plass å snakka om denne og lokaldemokratiet og minte om at fylkeslandbruksstyret no er nedlagt og sakene ført over til byråkratane.

Blokhus meinte det var på sin plass å snakka om sjøråderetten og at lokalamfunna blir overstyrte. Og her er det riktig å kanalisera bodskapen gjennom moderpartia i fylket.

Kleven: - Eg meinte å peika på at dette ikkje er det rette forum for denne frustrasjonen.

Av Ola Matti Mathisen